



# Bygdabladet

for BOKN



Julegranstening s. 7



Nissemarsj – s. 6



Kulturpris – s. 14



Julemiddag – s. 16

# Bygdabladet



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no) - post@bygdabladet.no

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren.

Eit abonnement (papir eller PDF) kostar kr. 350,- pr. år, 500,- for både papir og PDF. Abonnementa er gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

**Redaktør:** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08  
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Medarbeidarar:** Elisabet Taraldlien og Annette Bokneberg

## Bygdabladnemnd

Johannes Nilssen  
Ellen Nedrebo  
Lars Norekvål

## Gjeldande annonseprisar

Heilside kr. 625,-  
Halvside kr. 375,-  
Kvartsidkr. 188,-  
1/8 side kr. 125,-  
Privatann. kr. 62,-  
Fastann./fargeann. etter avtale



Stort forsidebilde

Julegranstunning 2009 - sjå s. 7

Foto: Elisabet Taraldlien



## RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

### Budsjettet

Statsbudsjettet gjev kommunane ei inntektsvekst i 2010 på om lag 8 milliardar kroner. I forhold til budsjettet for 2009 er auken i frie inntekter for Bokn i 2010 berekna til om lag 2,3 millionar kroner, eller om lag 5,5 %. Til samanlikning er den samla, nominelle veksten for dei andre Rogalandskommunane 4,4 %.

Kommunestyret vedtok i møte 15.12.09 budsjettet for 2010, og var eit fellesforslag frå dei fire partia som er representert i kommunestyret. Sjølv om Bokn kommune har eit akseptabelt overskot på drifta, har me framleis høg lånegjeld. Det vedtekne budsjettet for neste år er stramt, men politikarane har prioritert å oppretthalda og vidareføra det gode tenestetilbodet Bokn kommune har hatt i 2009. Det er mellom anna lagt inn i budsjettet ei auke på 25% stilling til styrking av musikk- og kulturskulen. I tillegg er det løyvd midler til eit prøveprosjekt i 2010 med ei auke i opningstida for biblioteket på kveldstid.

Vidare er det løyvd midler til Petra fridtsklubb for oppgradering av interiør og anna utstyr som er relevant i forhold til drifta på Kyrkjebygda kulturhus, og det er satt av 200.000 kroner til opprettning av folkehelsekoordinator i samband med partnerskapsavtalen for folkehelse som Bokn kommune inn gjekk med Rogaland fylkeskommune i haust. Rogaland fylkeskommune skal etter planen gå inn med tilsvarande beløp.

Bokn kommune står framfor store ut-

fordringar når det gjeld investeringar. For å posisjonera kommunen i forhold til dette, har ein styrka disposisjonsfonda med 1 million kroner til utsbetring av Føresvikvegen og 1 million kroner til bygging av fleirbruksshall. I tillegg vedtok kommunestyret ei investering på 300.000 kroner til opparbeiding av indre hamn i Føresvik. Av det budsjetterte overskotet på nær 5,6 millionar kroner, er det satt av 650.000 kroner til vidareføring av "Kjekt på Bokn".

### Kulturprisen 2009

Kulturprisen i Bokn blei i år delt ut av underteikna på Bokn musikkorps sin luciafest sundag 13.12.09, og gjekk til Odd Grønnestad for lang og tru teneste i Bokn musikkorps. Spesielt har han gjort ein stor innsats det siste året for å unngå nedlegging av skulekorpset. Prisvinnaren var som spelande medlem med og starta korpset i 1964. Han har også seinare spelt i Bokn Brass. Han har vore styremedlem i mange år og formann i fleire av desse åra, noko han også er ved 45 års jubileet.

Kulturprisen blei fyrste gang delt ut i 1993 og siste gangen i 2005. I 2007 blei han av ulike grunnar ikkje delt ut. Ein såg det då som naturleg at 2009 blei året for neste tildeling. Kulturprisen blir delt ut til personar som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune. Boknarane har gjennom Bygdabladet blitt oppmoda om å kome med forslag på kandidatar. Årets kulturprisvinnar blei vedteke av eit samrøystes formannskap den 08.12.09.

Mine gratulasjonar går til Odd Grønnestad. Eg håpar prisen kan vera til motivasjon i det vidare arbeidet med Bokn musikkorps og det øvrige kulturarbeidet i Bokn kommune. Innsatsen til Odd er viktig for å oppretthalda eit levande kulturliv i bygda, og er utvilsamt til stor glede for boknarar i alle aldre.

### God jul

For eitt år sidan trur eg dei fleste av oss var usikre og spente framføre det året me skulle gå inn i. I dag kan me så smått oppsummera og trekka nokre konklusjonar og kanskje eit aldri så lite lettelsens sukk. 2009 har vore ruglete, men blei heldigvis ikkje det året me frykta. Det siste året har vore utfordrande for næringslivet i Rogaland, men mange meinar nå at marknaden er på veg oppover igjen, sjølv om utviklingstakten er vesentleg dempa.

Sjølv om verdensøkonomien ser ut til å ha stabilisert seg, vil konkurransetsatt sektor framleis ha nokre tøffe år framføre seg. Høg rente og høgt kostnadsnivå i oljenæringa vil også påvirke aktivitetsnivået i mange Rogalandsbedrifter i tida framover.

Det har heldigvis vist seg at Haugalandet, og områdene frå Stavanger til Bergen, har vore så ressurssterk som eg har trudd og håpet på. Bedriftene har hatt evna til å halde hovudet kaldt. Dei har mellom anna skjerma lærlingmiljøa og har tenkt langsiktig, spesielt med hensyn til opplæring og kompetanse.

Sjølv om me ikkje kan avblåsa finanskrisa heilt endå, kan me alle ta ein pust i bakken og innvilga oss ein velfortent juleferie og gå inn i det nye året med framtidstro og optimisme. Eg vil takka for året som har gått og ynskjer samtlege boknarar, og øvrige lesarar, ein god og fredfull jul og eit godt nytt år.

Ordføraren



Samarbeid mellom Bokn bibliotek og Petra fritidsklubb 20. nov.

# Spelekveld for ungdommene

Elisabet Taraldlien

Bokn bibliotek skulle i samband med ein nasjonal dataspel-dag for ungdom, laga til eit arrangement.

I samband med dette, blei Petra fritidsklubb invitert til å vere med å markere speledagen. Svaret var sjølv sagt JA!

Me blei samde om ein dato som passa begge partar, og sette i gong planlegging. Plakatar vart laga nasjonalt, så me tilpassa dei vårt arrangement. Når ungane såg kva som skulle skje, vart dei i fyr og flamme!



Høyretelefonar er eit "must"

Ungdommene skulle ta med seg, viss dei hadde, sin eigen pc. Eg tok med



Full konsentrasjon med pc'ane

dei tre som fritidsklubben eig, slik at ingen skulle stå utan. Biblioteket har sjølv sagt og pc, og rektor på Bokn skule, Ingjerd Ellingsen, hadde gitt klarsignal til at me kunne låne pc'ar av dei som står oppe i andre etasje på ungdomsskulesteget.

Men det trong me ikkje. Det var to av **sytten** som ikkje hadde pc sjølv!



Musikk til arbeidet...



Det vart ikkje Play Station...

Me hadde dessverre ikkje alt utstyr som skulle til for t.d. å spele Play Station i auditoriet. Det var skikkeleg dumt, men ungane gjorde ein formidabel innsats i forsøka med å kople saman dei forskjellige komponentane.

Me håpar det likevel kan la seg gjere, om det blir aktuelt å arrangere ein spelekveld til.

Spilldag 09 er et samarbeid mellom ABM-utvikling, Stavanger bibliotek, Norges informasjonsteknologiske høgskole og Drammensbiblioteket.

I 2008 ble det vedtatt en stortingsmelding om dataspill.

ABM-utvikling ønsker å bidra til at dataspill får oppmerksomhet og blir et tilgjengelig og velkjent medium i landets bibliotek, og arrangerer derfor for første gang "Spilldag" lørdag 14. november 2009.

Kjelde: [www.spilldag.no](http://www.spilldag.no)

**Familie- og kulturkomitéen går inn for dataspill på biblioteket.**

Tormod Dag Fikse

I en innstilling til Stortinget har familie- og

kulturkomitéen bedt om at dataspill skal bli en del av tilbuddet ved norske biblioteker.

Samtlige medlemmer av komitéen utenom Fremskrittspartiets representanter gikk inn for endringen.

Det finnes barn i Norge som ikke har råd til å spille dataspill, og som har foreldre som ikke kan kjøpe konsoller. Både det å ha tilgjengelige spill på biblioteket og det å kunne låne hjem er viktig, sier stortingsrepresentant for SV, May Hansen, til NRK.

I første omgang skal det bety at det skal tilrettelegges for spilling på selve bibliotekene, fordi det foreløpig ikke er laget noen lisensavtale med spillbransjen.

Målet er likevel å tilby utlån av spill etter

hvert.

– Alle bibliotek må ha dataspill. Og de må ha kompetanse på spill, uttaler Ine Berthelsen i Bibliotekforeningen.

Endringen innebærer at bibliotekar-utdannelsen ved Høgskolen i Oslo må ta spill inn i sin undervisning. – Vi skal gjennomføre et kompetanseløft, sier May Hansen.

Hvorvidt det bare gjelder PC-spill eller om konsollspill også skal være en del av utvalget er foreløpig uklart.

Det er heller ikke kjent hvilke sjangre som vil tilbys.

Kjelde: [www.spillverket.no](http://www.spillverket.no)



# Oppussing på Kyrkjebygd

Elisabet Taraldlien



Containarane blei godt fyllt opp

26. oktober starta jobben med å rive nede i kjellaren på Kyrkjebygd, også kjend som Petralokala eller Diskoteket.

Eg var spent på dugnadsresponsen, men hadde ingen grunn til å vere redd.

Espen Alvestad kom smilande og

blid inn dørene, og ein kan godt samanlikne han med ein tornado, for panelet flagra rundt øyrene på både meg og han!

På fyste dagen hadde me fått rive heile Uglaburet, pluss litt til!

Fantastisk!

Espen var med meg fleire dagar, og eg lar meg imponere av innsatsen, det gjekk unna med den karen!

Eg hadde bestilt container, og trudde det skulle halde med ein. Det viste seg å ikkje stemme, så container nr. to kom og på plass.

Ein dag hadde eg Espen Alvestad, Per Helge Sunde, Jan Kristian Jøsang og Hege Sunde der oppe, og då gjekk alle veggane pluss ein tredjedel av golvet. Ungdommar var også med og hjelpte til med rydding; Thomas Fostenes, Maria Banaszkiewicz og Ida S. Grønnestad.

3. november var siste dagen me hadde dugnad, og då tok Helge Kristian Nilssen og eg siste rest.

Han er noko turbo denne karen og, så golvborda



Det gjorde godt å få dette vekk

skvatt opp som stikker, og eg hadde nok med å bere dei ut og opp i containeren.

Heilt til slutt, tok Per Helge Sunde det som var stabla ute på plassen, og fekk det opp i containeren, og med det var kjellaren på Kyrkjebygd reinska.

Nå er det berre noko planlegging og vurderingar som skal til, så går arbeidet vidare i prosjekt oppussing kjellar.

Det er ikkje godt å seie kva tid det står ferdig, men den som ventar på noko kjekt, ventar ikkje forgjeves.



Gamle minner kom og fram. Det hadde vore kjekt å fått visst kven som har malt desse



Fleire gamle minner. Dei karane som malte desse var: Rune Vatnaland, Annleif Sæbø, og Boknafjell-motivet var det Halvor Borgenvik som sto for.



# Bokn Gatebilklubb får nye lokale

Odd Kenneth Tollaksen, leiar i Bokn Gatebilklubb



## 10 av medlemma i Bokn Gatebilklubb

Frå venstre, i sofaen:  
Erik Nedrebø, Kjetil Vatnaland, Kristoffer Nilsen,  
Odd Kenneth Tollaksen (leiar), Alexander Hansen,  
Vidar Øvrebø, Andreas Gabrielsen

Frå venstre, på golvet:  
Didrik Alvestad, Endre Kro og Andrej Dobrev

Bokn Gatebilklubb blei etablert i 2003, den gong i garasjen som blei leidt av Tåganes Eigedom AS.

Bokn Gatebilklubb blei etablert for personar med interesse retta mot "motorsport", kor bil og MC stod i fokus. Klubben har som målgruppa ungdom frå 16år og oppover.

Vi har i skrivande stund 14 faste medlemmer i aldersgruppa 16 til 25år.

Vi har dessverre ingen jenter som medlemmer i ennå. Dette er noko vi håper vil endra seg etter som vi

kommer i gang med aktivitetar i nærmiljøet.

Våren 2009 hadde Bokn Gatebilklubb møte med Bokn kommune, kor vi ynskte en dialog om kva muligheter klubben hadde for å kunne etablere et lokale.

Det ble på møtet føreslått frå oss at klubben skulle bygge en ny garasje på Kyrkjebygd, eller ein plass kor kommunen kunne tilby oss en plass.

Dette stilte kommunen seg veldig positiv til, ettersom målgruppa er ei gruppe som har veldig få fritidstilbod.

Vi har sia møtet 15.04.09 hatt ein god dialog med kommunen, samt vore aktive på planlegging og prosjektering av garasjen. Byggmeister Erik Våga har vore til stor hjelp her.

I nytt møte 25. november saman med ordførar Kyrre Lindanger, rådmann Jan Erik Nygård, Odd Kenneth Tollaksen og barne- og ungdomsarbeidaren Elisabet Taraldlien, blei vedtaket gjort i formannskapet diskutert.

## Vedtaket i formannskapet blei slik:

Bokn formannskap stiller seg positiv til at det vert lagt til rette for at Bokn Gatebilklubb får etablera seg i den gamle brannstasjonen på Kyrkjebygd.

Ordføraren får fullmakt til å inngå avtale med gatebilklubben.

Avtalen skal bygge på følgjande:

**1.** Bokn Gatebilklubb får leige den gamle brannstasjonen på Kyrkjebygd utan omkostningar mot å reise eit nytt lagerbygg/garasjebygg som utan omkostningar stilles til disposisjon for kommunen.

Lagerbygget/garasjebygget reises på den kommunale tomta ved den nye brannstasjonen etter godkjenning frå teknisk.

Den gamle brannstasjonen stilles til disposisjon for gatebilklubben samtidig som nytt lagerbygg/garasjebygg stilles til disposisjon for kommunen.

Delar av den gamle brannstasjonen som inneheld tekniske installasjonar må haldast utanom avtalen.

**2.** Det lages reglar for gatebilklubben sin bruk av den gamle brannstasjonen som skal ivareta naboor og aktivitetar i tilknyting til kyrkja, brukstider, bruk av uteområde, fristar for oppseiling av avtalen o.a.

**3.** Dersom partane finn å måtte seie opp avtalen går disponeringa av den gamle brannstasjonen tilbake til kommunen, mens lagerbygg/garasjebygget ved brannstasjonen selges til kommunen til ein på førehand avtalt pris.

Vedtaket i formannskapet er vi sers nøgd med.

Som nemnt tidligare har Byggmeister Erik Våga vært til stor hjelp for å få dette i hamn. Han vil og være med på bygginga saman med våre medlemmer som skal bidra med stor dugnadsånd. Dette er noko vi ser fram til å kome i gang med, og håpar på byggestart i januar.

Vi har et ynskje om å få til eit sosialt miljø med interesse for bil og mc. Dette vil være ein fin måte å utveksle erfaringar på. Med eit lokale som gamle brannstasjonen til disposisjon, har vi stor tru på at dette vil være eit løft for mange ungdomar på Bokn.

Som alle andre har vi alltid ynskjer og planer om kva vi vil å få til. Biltreff i noko mindre form er ein aktivitet som

er diskutert blant medlemma i klubben.

Når vi hadde lokalar i garasjen på Tåganes, hadde vi retningslinjer fra Tåganes Eigedom ved bruk av garasjen og uteområde.

Dette er noko vi vil ta med oss vidare til garasjen på Kyrkjebygd. Vi ynskjer å holde ro og orden i og utanfor garasjen. Nærmaste nabo er kyrkja, og vi har satt oss strenge retningslinjer til bruken av uteområdet spesielt. Vi vil også ta omsyn til parkeringsplassen ved Kyrkjebygd.

Alle reglane vil bli annonsert på vår heimeside på internett, når alt dette er klart. Reglane vil også bli diskutert og godkjent saman med kommunen.

Heimesida vår er ein del av aktivitetene

i klubben, her har vi et diskusjonsforum kor vi kan dele erfaringar skriftleg, med bilder o.l. Dette er et tilbod som er opent for alle. Heimesida har enda litt lite informasjon, men det jobbast med, slik at den vil være så utfyllande med informasjon som mulig.

Ynskjer du å bli medlem, kan du finne meir informasjon om dette på heimesida vår.

Vi er på leiting etter nokon som ynskjer å bidra med utstyr til klubben i form av verktøy med vidare, men også rabattavtaler hos bedrifter i nærleiken. Grieg Seafood har allereie sagt at de vil bidra på denne fronten.

Byggmeister Erik Våga er også med på å bidra til at vi kan bygge garasjen. Vi vil kunne tilby reklame på vår heimeside for dei som bidrar.



## Nissemarsj i Bokn barnehage

Elisabet Taraldlien



Bilde til venstre: "Så går vi rundt om ein..."

Midten: Julenisseservicetorg Gro

Bilde til høgre: "På loven sitter nissen..."

Dette er ein koseleg tradisjon som Bokn barnehage har kvar jul. Ungane og dei vaksne går frå barnehagen og ned til juletreeet som står i tunet på BoknaturDer syng dei julesongar og går rundt treet. Syngjande høgt og flott på songen "På låven sitter

nissen", kjem dei inn i servicetorget, der ein pose (som julenisseservicetorg Gro har laga til) med noko godt ventar!

I år var det noko surt ute, så det var nok kjekt å få komme inn å ete litt snop.



Eg fekk ein nisseseigmann eg



Mmmmmmmmmmm...

## Lokalt

### Strikkeklubb med noko attå

Elisabet Taraldlien



Oppe i tredje etasje på Kyrkjebygd kulturhus, heilt i nordre enden av bygget, der er dei. Og kva gjer dei der? Jo, dei har noko så koseleg som ein strikkeklubb!

Der treffest dei annan kvar onsdag, og har "spøde" med seg, eller noko anna handarbeid. Eller ikkje noko, dei vil berre ha det sosialt.

Og alltid er det noko godt å bite i. Men denne onsdagen, midt i november, var det MYKJE godt å bite i! For då hadde nokre av damene funne ut at dei ville steike potekaker på strikkekafeen.

Og det gjorde dei.

Ei herleg lukt breidde seg frå rommet og ut i gongen, og undertenkna må berre seie at potekakene smaka fortreffleg.



## Julegrantenning 2009

Elisabet Taraldlien



Med lys på, vart treet eit flott skue

Det er ein kjekk tradisjon å starte desembermånen med julegrantenning på tunet framfor Boknatur, kommunehuset vårt.

Bokn Røde Kors, i samarbeid med Kopervik Røde Kors, stod som arrangør i år, og hadde fyrst ei samling i gymsalen på skulen.

Det var ein god del som møtte opp i gymsalen kl. fire, og dei kunne kjøpe seg litt kake, kaffi eller brus. Ein kjekk tradisjon denne dagen er salet av "årer", og det var kloss nær ein høyre bølgeskvulp, for det blei seld ein del!



Vel fortent

### Jubileum

Dette var også ein spesiell dag for Bokn Røde Kors. Dei feirar i år 20 års jubileum, og det blei markert på ein fin måte. Bokn bankråd,

representert av Trond Nedrebø, gav Bokn Røde Kors ei pengegåve pålydande 5.000 kroner.

I overrekkinga sa Trond at det er eit flott arbeid dei gjer, og fortener ei påskjønning etter 20 års innsats.



Jippi, Julenissen!

Så kom tida alle ungane venta spent på! Julenissen skulle komma! Og det gjorde han! Ungane strøymde til, og Julenissen

gav ein pose med julegodteri til alle. Nam, nam!

Men nå var tida komen for å tenne nokre lys, og folk trekte på seg luer og skjerf, for det var ein klar og fin kveld utanfor. Gradestokken hadde sokke ned til tre kalde grader, så det var godt å ha ull på seg.

### Stemning

Treet, eit flott og høgt, sett opp av vaktmeistrane våre, venta sikkert i spenning det og.

Ungane sprang seg både varme og sveitte før me kom skikkeleg i gong, men endeleg var me klare til tenning! To ringar av syngjeklare menneske sto spente rundt julegrana, og så... Ååå...

Då lysa kom på blei det så fint, og ei god stemning spreidde seg blant folk. Ein cd-spelar var med å hjelpte til under gongen rundt treet, men det tok heilt av då det blei stemt opp med "Så går vi rundt om en enebærbusk", utan cd-spelar!

Det var siste songen, og julegrana står nok og minnest ein koseleg kveld endå!

# Songar & tekstar frå Bokn

I forrige blad presenterte me BOKEN av Olaf Sigurd Nedrebø.

Denne gong er det klart for **BYGDA MI** av Liv Vatnaland.

For 20 år sidan var mange boknarar opptatt av korleis livet ville bli etter at bruene stod klare - og Bokn blei knytta til fastlandet. Liv Vatnaland var ein av dei, og skreiv tankane sine ned på verselinjer. Ho opplyser om at ho ikkje hadde nokon spesiell melodi i hovudet då ho skreiv diktet.

Teksten, som både hyller Bokn og som inneheld tankar om å bli landfast, stod også i desemberutgåva av Bygdabladet i 1989:

- redaktøren -

## BYGDA MI

1. Du kjære gode Boknabygd med vatn og lyng og fjell til rygg.

Her er så mang ei lune havn for den slitne fiskarmann.

2. Du kjære gode Boknabygd med sjø og tare kring, og friske måkeskrik for sjel og sinn det er den beste medisin.

3. Du kjære gode Boknabygd med så godt eit rom For dei som heimatt kom Langs ditt smale sund Er tilbud både til gammal og til ung.

4. Du kjære gode Boknabygd Med friske pust fra vind og vær Me kan nok stundom tykkjast her er både kaldt og vått Men du, me har det godt.

5. Du kjære gode bygda mi Om natta ser eg nokon blink det er fra eit fyr.

Då så titt mine tanka flyr Er dette ei løn – frå våre forfedrears bøn?

6. Du kjære gode Boknabygd Når du kyststamveien over deg får Her er mang ein boknar som spår Med våre forretningar det er slutt Tenk, heilt til Tysvær berre me skal ha ein tutt.

7. Du kjære gode Boknabygd Nå, når me snart ikkje kan kalle deg øya Lat oss ikkje deg gløyma Alle må sjå seg i kring Og slå om din kultur ein ring.

Liv Vatnaland

## Bygdabladet for 20 år sidan

NR. 10 1989

### BOKN SKULEKORPS I JUBILEUMSÅRET

Som Boknarane vil være kjent med, ebber 25-årsjubileet snart ut. Vi har hatt et aktivt 1989, og har derfor lyst å fortelle litt om hva vi har drevet med.

Korpset består pr. idag av 23 aktive musikantar, drilltroppen er utvidet til fem drilljenter. Vi har syv spillende støttemedlemmer og rekrutteringen ser lovende ut med syv musikkaspiranter, samt tre aspiranter til drillen. For å hjelpe korpset ved gruppeøvelser har vi seks instruktører.

I høst kom Tove Bente Langvik til Bokn som fritidsleder. Hun har solid bakgrunn fra drillmiljø og var dermed selvkrevet til leder for drillerne våre. Resultatet av hennes arbeide fikk vi oppleve allerede på jubileumsfesten.

Som dirigent dette året må man bare "ta av seg hatten" for arbeidet Jardar har lagt ned på det musikalske plan, og for et utmerket samarbeid mellom han og styret. Thorild Svendsen, korpsleder, står meget sentralt i kulissene hvor hun holder rede på noter, arkiv og ellers det praktiske på øvelser og seminarer.

1989 har ikke vært det store reiseåret for Bokn Skulekorps. Vi har valgt å prøve og høyne det musikalske nivået ut fra hva økonomien tillater oss. Siste uken av juli var en del musikanter på sommerkurs i regi av Rogaland Musikkforbund. Alle som deltok syntes de fikk stort utbytte av kurset, og de hadde det kjekt på Klepp.

For å finansiere kurser / seminarer står Boknafestivalen som en bra inntektskilde, vi får jo tilskudd fra kommunen også. Og bingoer / tilstelningene bringer en del i kasse. Når man ser på Bokn Skulekorps i dag - 25 år etter starten, forstår nok alle at det kreves en god del inntekt til driften. Alt fra noter, instrumenter, og som før nevnt kurser / seminarer, litt lønninger etc. som koster penger. Vi må vel være enige om at uten korps for ei bygd, er festen borte. Dette bevises med fint fremmøte ved de forskjellige arrangement, og for ikke å forglemme alt frivillig arbeide fra foreldre og bygdefolk.

Etter jubileumskonserten blir Luciafesten vårt neste store arrangement. Vi regner med at festen også blir en koselig kveld for bygda.

Vi vil med dette få ønske en riktig god jul og et godt nyttår til alle Boknarar.

Med vennlig hilsen  
For styret i Bokn Skulekorps  
Solveig

# Kjæledyret mitt

## Akira

Sylvia Marlene Vatnaland

Hei, eg heiter Akira og er 3 år. Eg er ein Bichon Havanaise, ein hunderase som ikkje er så vanleg i Norge. Eg likar å gå tur og leike.

Om sommaren hender det at Sylvia tar meg med til fotballobanen, og der er det kjekt å springe og leike.

Det beste eg veit, er kvitost. Eg blir heilt sprø når eg merkar at han blir tatt fram frå kjøleskapet.

Eg blir veldig glad når me får besök, då spring eg til døra, lograr med halen og vil leike med gjestene.

Nokre gonger greier eg å stikke av mens døra er open, det synest eg er kjempekjekt.

Endå kjekkare er det om nokon prøver å fange meg, det er den kjekkaste leiiken eg veit.

Av og til når Sylvia og eg går på tur, så møter me andre hundar. Då blir eg ofte redd, for andre hundar er oftast mykje større enn meg. Men eg er veldig nysgjerrig og.

Eg kan vere litt rampete, eg har stolte snopet til Sylvia meir enn ein gong! Eg veit jo ikkje at sjokolade er farleg for hundar. Så når Sylvia



kjefter på meg, skakkar eg berre på hovudet, og ser veldig sot ut. Det hjelper.

Det som er litt rart, er at eg kan symje, utan at nokon har lært meg det. Men eg har vannskrekk, så når me går ned til sjøen, held eg meg på trygg avstand.

Når eg får komme inn på rommet til Sylvia, stel eg ofte ein bamse av henne. Dei varer som regel ikkje så lenge, før det berre er pelsen igjen av dei. Då blir Sylvia sur på meg, og eg skynder meg å gøyme meg under sofaen.

Når Sylvia er lei seg, hopper eg opp i senga og trøyster ho. Men av og til latar ho berre som, og når eg kjem for å trøyste, fangar ho meg. Då ler Sylvia og me tuller og tøyser ein masse.

Av og til kler ho meg i klede ho brukte sjølv da ho var lita jente. Og tar bilde av meg. Då blir eg flau.

Men eg er ganske glad i Sylvia, og eg tror nok at Sylvia er ganske glad i meg og!

**Masse hundeklemmer fra Akira**



Neste gong fortel Jasmin K. Hansen om katten Nichole



Så har det jammen gått et heilt år  
På ny e det venting på ein nye vår  
Men klokka stoppe ikkje den tikke og går  
Telle vekk tiå men óg tiå me får

Det e litt löye, et magisk sekund  
"Se den va fine" i fra barnemunn  
Rakettane dale utbrente mot bladløs lund  
År gjekk, år kom i felles minnestund

Året så komme e eg sikker blir bra  
Sjøl om gleden vil vera litt te og fra  
Sånn e livet, det kom, det vil dra  
Gløm ikkje kjærighet i ordå du sa

Kjetil Hamre

# Kulturkalenderen

Endringar sidan sist/nye arr. er **utheva**

## Desember

- 20. Juletrefest på bedehuset kl. 15.00  
Arr: Sundagsskulen og Speidaren
- 21. Julekonsert i Bokn kyrkje  
m/bl.a. Haugesund Vokalensemble og Bokn barnakor
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset kl. 17.00  
Arr.: Frelsesarmeens og bedehusstyret
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

## Januar

- 04. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
- 05. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: Oppstart for oppdagrar, stifinnarar og vandravar
- 08. Kino i Auditoriet
- 10. Gudsteneste kl. 11.00
- 17. Bokn bedehus: Møte – Karmsund ABR-senter 19.00
- 18. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
- 22. Kino i Auditoriet
- 24. Gudsteneste kl. 11.00
- 24. Bingo kl. 16.00 – arr. Bokn musikkorps
- 27. Bokn bedehus: Møte - NMS 19.00
- 31. Bokn bedehus: Møte – NMS 19.00

## Februar

- 01. Bokn musikkorps har årsmøte 18.00 – 20.00
- 01. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
- 02. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: 20-årsmarkering for Bokn KFUK-KFUM-speidalarar i speidarskogen kl. 17.30 – 19.30
- 05. Kino i Auditoriet
- 07. Gudsteneste kl. 11.00 – Bibel til 5. klasse
- 10. Bokn bedehus: Møte – Israelsmisjon 19.00
- 15. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
- 19. Kino i Auditoriet
- 21. Gudsteneste kl. 11.00
- 21. Bingo kl. 19.00 – arr. Bokn musikkorps
- 21. Bokn bedehus: Årsmøte for Bokn kyrkjelyd på bedehuset 20.00  
Veke 8 Vinterferie, Bokn skule
- 26. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømannsmisjon 19.00
- 26. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: Årsmøte for Bokn KFUK-KFUM-speidalarar på Bokn bedehus kl. 20.00
- 28. Bokn bedehus: Møte – Den Indre Sjømannsmisjon 19.00

## Mars

- 01. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
- 02. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: Speidarbasaren på Bokn bedehus kl. 18.00
- 05. Kino i Auditoriet
- 07. Gudsteneste kl. 19.00
- 07. Bokn bedehus: Årsmøte for Bokn bedehus 19.00
- 14. Bokn bedehus: Møte – Karmsund ABR-senter 19.00
- 15. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00

- 19. Kino i Auditoriet
  - 21. Bingo kl. 19.00 – arr. Bokn musikkorps  
Veke 13 Påskeferie, Bokn skule
  - 29. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
  - 21. Gudsteneste kl. 11.00 - Dåpsskule/ løftefornyelse
- April**
- 01. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmantar
  - 01. Bokn bedehus: Påskemåltid – Frelsesarmeens 18.00
  - 04. Gudsteneste kl. 15.00
  - 11. Bokn bedehus: Møte – Normisjon 19.00
  - 15. Bokn bedehus: Kontaktmøte for haustprogram for Bokn bedehus 18.00
  - 16. Kino i Auditoriet
  - 17.-18. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: KM i speiding for vandravar
  - 18. Vårkonsert, Bokn musikkorps
  - 25. Gudsteneste kl. 18.00 - Ung messe - Samtale gudsteneste
  - 26. Bokn bedehus: Bibellesing 19.00
  - 30. Kino i Auditoriet
- Mai**
- 09. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon
  - 14. Kino i Auditoriet
  - 17. Gudsteneste kl. 10.30
  - 28. Kino i Auditoriet
  - 30. Bokn bedehus: Møte – Misjonssambandet 19.00
- Juni**
- 05. - 06. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar:  
Blikshavnleiren 2010 for stifinnarar
  - 06. Gudsteneste kl. 11.00 – felles Tysvær-Bokn ute i Loten
  - 11. Kino i Auditoriet
  - 13. Bokn bedehus: Møte – Gideon 19.00
  - 27. Gudsteneste kl. 12.00
- Juli**
- 03. - 10. Bokn KFUK-KFUM-speidalarar: Lista 2010

## Gymsal, kveld

DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
<b>Mån</b>	Danseskule	14.15 - 16.45	Wendy Riber
	Fotball G10/11	16.45 - 18.00	Cliff Olaussen
	Bokn skulekorps	18.00 - 20.00	Grete E. Yrke
	Bokn Brass/RH	20.00 - 22.00	J. Havikbotn
<b>Tys</b>	Danseskule	14.15 - 16.45	Wendy Riber
	Barnetrim	16.45 - 17.45	C.B. Knutsen
	Friskis & Svettis	19.30 - 20.30	Anne L. Faye
<b>Ons</b>	Danseskule	13.45 - 17.00	Wendy Riber
	Fotball G9	17.00 - 18.15	Roger Jøsang
	Fotball J12	18.15 - 19.30	Sonja Mikkelsen
<b>Tor</b>	Friskis & svettis	18.00 - 19.00 *	Anne L. Faye
	Volleyball, ungdom	19.00 - 20.00	Rita Bokneberg
	Volleyball, vaksne	20.00 - 22.00	Rita Bokneberg

\* Frå januar 2010

# Gratulerer!

Bygdabladet presenterer små og store jubilantar, både her i papirversjonen og på bokn.no



Vi vil gratulere **Irmelin Taraldlien** med 16 års dagen 29 desember!  
Masse glad i deg!

**Hilsen mamma, pappa og Sunniva**



Vi vil gratulere **Bjørn Eirik Gundersen** (Best) med 66 års dagen 28 desember!

**Stor klem fra Elisabet, Ronny, Irmelin og Sunniva**



**Oddrun Grønnestad**

Supertante! Gratulerer med 15 årsdagen den 21.12

**Stor klem fra Viktor**



**Markus Foss**

Den flotte og kjekke gutten vår blir 4 år 18 desember

**Stor klem fra Truls, Joachim, mor og far**



**Sander Alvestad**

Gratulerer Sander med 9 års dagen den 15. desember

**Stor klem fra mamma og pappa**



**Simmen Karoliussen**

Gratulerer med 10 års dagen 12. desember

**Hilsen Mamma, pappa, Trym og Zippo**



**Sander Aksdal**

Vil gratulere go'gutten vår med 8 årsdagen 8. des.

**Bursdagsklemmer fra Steffen, far og mor**



**Andreas G. Alvestad** fyller 1 år 8. desember

**Stor bursdagsklem fra tante Irene, farmor & farfar**



**Amalie Elise Grinde Pedersen**

Masse gratulasjoner til Amalie Elise som blir 2 år 1. desember.

**Hilsen pappa, Stian, Karl Andreas og Alexander**



Gratulerer med dagen den 26. november

**Martine Hesthammer**, tenk 6 år og skolejente

**Klem fra besten, tante og Kim André**

## Julens gamle tradisjoner:

Vi legger ikke så mye i det å si "god jul og godt nyttår". Men før het det at du tapte din lykke om denne hilsen ble glemt. Også hvert eneste husdyr måtte ønskes god jul på selve julafaten, både morgen og kveld.

For oss er julen en familiehøytid, årstidsfest og en lysfest i mørketiden. Julens skikker og tradisjoner i mer eller mindre faste seremonielle rammer, forener fortid og nåtid.

I riktig gode, gamle dager var mange skikker forankret i nødvendigheten av å berge seg

gjennom en hard og vanskelig årstid – og solid hedensk overtro.

Noen skikker har vi beholdt, andre har vi senere adoptert, og noen er glemt.

I julen må ingen spinne, for da vil det gå rundt for dem hele året gjennom, sa folk i Numedal. Rokken måtte ut av stua.

Så lenge julen varte, måtte ingen gjøre noe arbeid utover det aller nødvendigste. Dette var en hellig tid – og i middelalderen varte høytiden fra Tomasmesse den 21. desember til 13. januar.

Alt arbeid måtte være unnagjort til Tomasmesse, og for alle forseelser

som ble begått i løpet av julen, var straffen hardere enn ellers.

Ikke spinn lenger enn til Tommes, het det i Setesdal, ellers ville tomselfingeren falle av.



## JULEGÅVEAKSJON 2009

Elisabet Taraldlien



Heile 37 sekker bar me ut i bilen til Vidar Akselsen

Tysdag 8. desember kom Vidar Akselsen, dagleg leiar i THK-stiftelsen for å hente alle dei innsamla julegåvene frå Bokn.

Alle gåvene blei pakka i store sekker, 37 i talet! Utruleg flott! Og alt kjem så uendeleg vel med.

Tusen takk til alle som var med på julegåveaksjonen.

Riktig god jul.



Det blei full bil!

### Dette skrivet blei sendt med alle elevane på Bokn skule:

Bokn skule har også i år innsamling av julegåver. Denne gongen samarbeider me med Stiftinga Tro-håp-kjærighet (THK)

9. desember kører det trailer til Korosten i Ukraina med gåvene. Korosten er ein by som blei hardt ramma av Tjernobyl ulukka og ligg derfor i eit av dei fattigaste områda i Ukraina. Stiftinga har eigen mann i området som

kjenner til kven som har mest nytte av gåvene.

Gåva bør innehalda:

Ein kombinasjon av klær, (gjerne brukte, men heile, velstelte og reine plagg) samt litt av kvart som bare er til oppmuntring og glede, alt etter kjønn og alder.

Elles vil alltid litt sjokolade eller andre søtsaker gjere minst like stor lykke i desse gåvene som det gjer her heime.

Legg også gjerne ved ein lita

helsing og eit bilde av den som sender gåva. Dette har ofte like stor verdi for mottakaren som innhaldet.

Ha gåva i ein plastpose merka med kven gåva passar til.

Me må be om kr. 10,- pr. gåve til fraktstøtte.

Skulekontoret tar imot gåver fram til mandag 7. Desember.

Meir informasjon om THK stiftinga finn du på [www.thk.no](http://www.thk.no)

## Teppet

Det kvita teppet snø som har falt  
Lofta blir kvite å pusta så kalt  
Eg labbe avgårde på jomfruelig jord  
Ser bare tegn fra dyrespor

Her e det fredelig stille for sinn  
Eg lokke opp sjelå sleppe livet inn  
Å gå sånn i fred gjere meg godt  
Meir snø vil komma eg synes det e flott

For alt det galna så skjer uti verden  
Blir viska ut av snøfnuggsferden  
De legge seg øve alt så e grått  
Skinnande kvite ein ny dag har gått

Regnet vil komma og skylla den bort  
Få frav det gråa ja det som e sort  
Så snøfnugg kom legg øve ditt lokk  
Så håpe eg at mennsket kan vandra i flokk

Kjetil Hamre

# OperasjonDagsverk 2009

Jardar Havikbotn

Nok eit år har elevane ved Bokn skule gjort ein glimrande jobb for OD. 37 ungdomsskuleelevar brukte torsdag 29.10. til å samla inn heile 8.859,50.

Arbeidsoppgåvene var varierte, frå arbeid i heimen og vaffelsal til arbeid hos "Sjokoladepiken".

- Årets innsamling gjekk til utdanning for ungdom med nedsett funksjonsevne i Malawi, Mosambik, Sør-Afrika og Uganda. Årets samarbeidsorganisasjon var Atlas-Alliansen, fortel lærar Anne L. Faye til Bygdabladet.

## "Sjokoladepiken"



For Karen Hetland i 8. klasse blei det ein kjekk OD-dag i Stavanger. Ho hadde nemleg fått seg jobb hjå "Sjokoladepiken" ([www.sjokoladepiken.no](http://www.sjokoladepiken.no)) i Stavanger.

Bedrfta held til på Universitetet i Stavanger på hotelhøgskolen på Ullandhaug, og som namnet tilseier er det snakk om produksjon av sjokolade.

Ei arbeidstid frå 08.00 til 14.30 medførte ein tidleg start på dagen.

07.00-ferja frå Arsvågen. Arbeidet bestod i å pakka inn sjokoladehjerter og konfekt i raudt papir. Fleire brett med ulik konfekt blei pakka og lagt klart til henting frå kafeen i byen.

I lunsjpausen fikk ho servert varm sjokolade (kakao) i kopp og "Cookie" med sjokolade og hasselnøtter.

Dei andre som jobba der laga nissesjokolader, og "Cookies". Det blei også laga sjokolademousse og meksikansk sjokolade med chili.

Nå før jul er det travelt på "Sjokoladepiken", og det passa svært godt at dei fikk hjelp frå Bokn denne dagen.



## Flott haldning

Deltakinga i OD blant ungdomsskulular i Rogaland har gått kraftig ned dei seinare åra, men elevrådet ved Bokn skule vel stadig å melda skulen sin på.

- Dette viser at elevane våre har ei flott haldning til hjelpearbeid, avsluttar Anne L. Faye.

- Når du er funksjonshemmet ser folk på deg som en tom bøtte. En ubrukelig ting. De forventer at du tigger, sier Dickson fra Malawi som mistet foten i en bilulykke.

Hvis ingen rundt deg tror at du kan lære, er det til slutt vanskelig å tro på det selv. Ni av ti funksjonshemmde i det sørlege Afrika får aldri gå på skole. Skolene vil ikke ha dem. De tror ikke det er noe poeng å utdanne funksjonshemmde,

eller de synes det blir for vanskelig. Det er også ofte stor skam knyttet til det å ha svekket syn, hørsel eller bevegelse eller å ha en utviklingshemming.

Derfor velger mange foreldre å holde barna sine hjemme hele livet.

Uten skole får disse ungdommene aldri muligheten til å forsørge seg selv eller til å bidra i samfunnet.

## Grunnprinsipper

Dette er Operasjon Dagsverks grunnprinsipper:

Operasjon Dagsverk er en aksjon for, med og av ungdom som hvert år engasjerer ungdom, og gir de muligheten til å jobbe en dag i solidaritet med ungdom i sør.

Operasjon Dagsverk er en parti-politisk og religiøst uavhengig aksjon. Det betyr at vi ikke har noen tilknytninger til politiske partier og deres ideologi, eller arbeider ut fra et religiøst syn på verden.

På OD-dagen får ungdom over hele Norge muligheten til å jobbe en dag i solidaritet med ungdom i sør.

Operasjon Dagsverk støtter alltid utdannings- eller opplærings-prosjekter i Afrika, Asia, Sør- og Sentral-Amerika.


Målgruppen skal være ungdom blant den fattigste eller mest marginaliserte delen av befolkningen.

Støtten skal bidra til at jenter og gutter får lik mulighet til utdanning.

Det velges hvert år en eller flere norske organisasjoner som skal bistå i informasjonskampanjen i Norge og forvalte alle midlene som blir jobbet inn i løpet av OD-kampanjen.

Kjelde:  
[www.od.no](http://www.od.no)

Bilde:  
Årets kampanjeplakat.



## Lucia 2009

Elisabet Taraldlien



4. klasse frå Bokn skule gjekk Lucia

**I ein mørklagt gymsal kjem  
4. klasse på Bokn skule, med  
Karen D. Jøsang i spissen, og  
syng Luciasongen, og det er  
vakkert. Det er slik det skal  
vere, og me har fått tent eit lys  
i hjerta våre.**

Skulekorps spelte flott etter Luciaopptrinnet. Under kyndig leiing av Grete Yrke, spelte dei "Vi tenner våre lykter", "Glade jul" og "Deilige er jorden".

Det skulle tennast adventsljos, og det sto Kristina Kallevik, Ida Havikbotn, Gina Johannessen og Målfrid Øvrebø for. Daghild Alvestad førte an på piano, og me song i allsong "Nå tennes tusen julelys".

Merete Alvestad sto for andakt dette året, og kom fram mot scena og virka skikkeleg stressa. Ho spelte skodespel, men var veldig truverdig, så me skjønte kva bodskap ho ville ha fram. Me får prøve å bli flinkare til å ta vare på kvarandre i ei tid der ikkje alle har så god tid, og ikkje alle har nokon som dei kan dele tida si med.

Flotte smørbrød blei satt fram i

pausen, og brus og kaffi med. I pausen var det og ein konkurrans, og premien var ein pose twist.



To spente jenter!

Etter pausen var det to spente jenter som sto på scenen. Ida Havikbotn og Kristina Kallevik framførte "I en natt" og "Jeg så mamma kysse nissen jeg". Dei var kjempeflinke!

Konferansier for kvelden, ordførar Kyrre Lindanger, annonserte så kulturprisvinnaren. Det kan du lese om på side 15 i dette bladet.

Som avslutning på kvelden, spelte Bokn Brass/Rustne Horn "Rocking around the christmas tree", "Away in a manger", "Feliz navidad", "The Snowman" og til slutt den nydelege "O, helga natt".

Solist Svend Egil Håvardsen song med, og joda, det var lika fint i år som i fjor! Dirigent Jardar Havikbotn nemnde at denne songen forhåpentleg kunne bli ein tradisjon, som avslutning på luciafesten her på Bokn.

Eg har sikkert mange med meg når eg seier at det har me ingenting imot!



# Kulturprisen i Bokn 2009

Elisabet Taraldlien

På luciafesten i år skulle kulturprisen i Bokn kommune delast ut.

Det er alltid greitt å ha ein konferansier til slike tilstellingar, så Odd Grønnestad, leiar i Bokn musikkorps, spurde ordførar Kyrre Lindanger om han kunne ta på seg oppdraget. Det takka Lindanger ja til.

Etter pausen på lucia-festen, annonserte ordføraren kulturpris vinnaren,

## **Odd Grønnestad!**

Odd hadde på førehand villa visst kven som var vinnaren, men sjølv sagt fekk han ikkje vite det.

Han sa i talen, at alle han spurde hadde svara unnvikande, sagt "eg veit ikkje" og alle klarte å halde det skjult for prisvinnaren.

Odd Grønnestad fortalte vidare at



Kulturprisen 2009

han vart heilt satt ut, han hadde ikkje trudd at han skulle vinne noko slikt, og det var ein rørt og glad Odd som, utan manus, held

ein flott takketale, trass overraskinga!

Bokn kommune sin kulturpris 2009 går til **Odd Grønnestad** for lang og tru teneste i Bokn musikkorps. Spesielt har han gjort ein kjempeinnsats det siste året for å unngå nedlegging av skulekorpsset.

Prisvinnaren var som spelande medlem med og starta korpset i 1964. Han har også seinare spelt i Bokn Brass. Han har vore styremedlem i mange år og formann i fleire år, noko han også er ved 45 års jubileet.

Odd Grønnestad er eit ja-menneske og stiller alltid opp. Han jobbar mykje for å fremja trivselen blant ungane i skulekorpsset. Kulturprisvinnaren har også vore bussjåfør på eit uendeleg antal korpsturar, både for skulekorpsset og Bokn Brass.

Under opninga av Stavanger08 stilte han også opp som lastebil-dekoratør og -sjåfør i fronten for Bokn kommune sitt bidrag med korps og dans gjennom kulturbreen.

## **Prisen er eit kunstverk, bilde samt eit diplom.**

Bildet (trykket) er laga av Rolf Nerli og har fått tittelen "Ut mot havet".

Kunstnaren er født i Siljan i Telemark. Han er utdanna ved Statens Håndverks- og Industriskole i Oslo i tidsrommet 1971-1974, og ved Statens Kunstakademi 1974 – 1980.

I 1980 hadde han sin fyrste separatutstilling i Kunstnerforbundet i Oslo, og har sidan den gong drive ei svært aktiv utstillingsverksemd med mønstringar over heile landet.



Odd Grønnestad





## Julemiddag for ungdommane 2009



Nokre av dei "eldste" gjestane

**Eg hadde mange planar med julemiddagen til ungdommane i år, men ikkje alt blei slik eg hadde tenkt, og slik er det. Men middag blei det!**

Eg ringte ut til Rune Rommetveit, dagleg leiar på Arsvågen Kro & Gardsmat AS.

Då eg la fram saka mi, var det ei-gentleg berre eit stort JA å få! Hipp hurra tenkte eg, for då hadde eg kokk, servitør og mat på ein og same plassen, og det med berre ein telefon! I tillegg fekk me låne lokala gratis, og me fekk ein flott meny til ein rimeleg penge. Det er me sers takknemlege for!

Så måtte eg finne ein foreldrevakt. Det blei heller ikkje noko problem,

Arthur Trosnavåg kunne han, i år som i fjar! Og han sa at han kunne neste år og han! Så som de forstår, eg har eigentleg ein lett jobb!

Kvelden den 11. desember kom med isande kald og tjukk tåke. Det la ingen dempar på feststemde ungdommar, heller tvert om. Rett som det var, var dei ute, forstå det den som kan....

Nokre minutt før klokka átte, fekk me beskjed om at maten var klar. Og maten var kjempegod! Ribba var ein suksess i år og! Etterpå fekk me dessert, sitronfromasj med bringebærsaus, mmm...

### 43 påmelde

Det var ein prislapp på billetten i år og (120 kroner), men det ser

ikkje ut til å legge en dempar på påmeldingane. 43 ungdommar var påmølte i år, og det er utruleg kjekt at så mange vil kome på julemiddagen!

Det var litt underhalding, eg hadde laga ein quizz om meg sjølv. Eg trur han falt i smak, det blei ein del lått og løyte.

Me hadde og tre kåringar: "Stiligaste gut", den vant Lars Andre Hognaland, "Penest kjole", der gjekk Regine Nilsen av med sigeren. Til slutt var det kåring av "Søtaste par", og den gjekk til Silje Eide og Vilhelm Våge.

Eg koste meg ein heil haug denne kvelden. Det trur eg ungdommane gjorde og, eg har til nå berre hørt: -maten va goe, det va kjekt, det va koselig..., og det er eg glad for.

- Kjære ungdommar på Bokn, tusen takk for at dåkke e så kjekke, det e heilt topp å jobba i lag me dåkke. Eg e svært privilegert så får vere så mykje i lag me dåkke!

Med dette ynskjer eg alle ungdommane og foreldra deira ei riktig god jul og eit fantastisk godt nytt år!

**Elisabet Taraldlien  
Barne- og ungdomsarbeidar**



Sitronfromasj med bringebærsaus til dessert



Knallgod ribbe til middag

## Juleshow i stallen

Jardar Havikbotn

Det tradisjonelle julearrangementet på hestesenteret i Kro gjekk av stabelen sundag 6. desember. Trass i sterkt vind og ufyseleg vér var det over 70 besøkande. Den nye, flotte ridehallen var god å ha i kulingen, og Kari Christensen fortel til Bygdabladet at det var kjempefint å avvikla konkurransar i han.

Det var konkurransar i sprang og dressur, kor 22 ryttrar deltok. I sprangklassen blei Mari Bokneberg på ponnen Kro's Max beste rytta, og i dressurklassen Ida Grønnestad på Sølvjan. I tillegg var det gymkhanklassane som blei avslutta med sekkeløp med pony.



Den nye, flotte ridehallen var god å ha i kulingen.

Arrangementet blei avslutta med kafè og servering på låven.  
Krovågen Hestesenter er i fin utvikling, med mange tilbod under gode treningsforhold.

- I høst har det vært rundt 40 personer som har gått på ridekurs her, med god aldersspredning - fra 5 år og opp til godt voksen, avsluttar Kari Christensen.


## På veg til vegg!

Elisabet Taraldlien

### Auditoriet får nytt og stort lerret.

Etter ein god del planlegging, er det nye lerretet til auditoriet bokstaveleg talt på veg opp på veggen. Det er svært tungt, så snekrar har vore å laga gjennomgåande fester i veggen. Lerretet er heist opp via stilas, ein ikkje heilt ukomplisert jobb. Elektrikar har også vore med, slik at lerretet kan heisast opp og ned, slik det gamle og kunne.

Fredag 11. desember er det kino, og då vil det være fyste gong det blir vist film på det nye lerretet. Med von om ei flott framsyning!



Mykje planlegging på førehand

# Filmtalenter på Haugalandet - frå leik til leveveg -

Elisabet Taraldlien

21. oktober hadde partnarane det første møtet angåande filmprosjektet Filmtalenter. Møtet vart halde på Hemningstad kulturhus, og det var representantar frå kommunane Bokn, Haugesund, Tysvær, Vindafjord, Utsira og Røvær.

Mykje skulle på plass, og planleggast, ikkje minst kva utstyr som skulle kjøpast inn. I skrivande stund er ikkje alt kjøpt og levert enda, men det kjem!

Heile 10 ungdommar frå Bokn melde seg på filmkurset, eit formidabelt høgt tal påmeldingar i forhold til dei andre kommunane. Det er me glade for!

Foreløpig er det bestemt at "filmstudio" skal vere på skulen, men sjølvsgatt får ungdommane filme ute. Det er to kamera til disposisjon, lys er og på plass, og snart har me ein stasjonere datamaskin pluss redigeringsprogram, så film blir det!

Til nå har ungdommane konsevert seg mest om å skrive manus. Dei jobbar i grupper, og ikkje nødvendigvis berre boknarar i lag.

Dei jobbar saman med ungdommar frå andre kommunar også. Dei kan laste ned eit program frå internett, og skrive manus slik dei i Hollywood gjere.

Kult!

Me håpar det kjem mange gode filmar ut av dette, og at ungdommane kan presentere produkta sine i forskjellige fora.

Kanskje nokon leverer filmen sin til filmkonkurransen "Filmfokus" i Haugesund? Det blir spennande å fylge med ungdommane.



Frå fyste kursvelden, her på Hemmingstad kulturhus



Bilde til venstre:  
Kommunalminister Manghild Meltveit Kleppa og rektor Ingjerd Ellingsen.

Bilde til høgre:  
Prosjektleiar Vidar Vorraa, kommunalminister Manghild Meltveit Kleppa og ordførar i Tysvær Harald Stakkestad.



## Filmprosjektet FILMTALENTER

Målet er å få filminteressert ungdom til å satse på film som leveveg.

Prosjektet har eit delemål, og det er ynskjeleg å få til et internasjonalt samarbeid.

Prosjektet sin grunnidé er å leggje til rette for at ungdom som er interessert i film skal kunne arbeide med film både i skuletid og fritid.

I skulane vil elevar få muligkeit til å arbeide med film gjennom elev- og ungdomsbedrifter.

I fritida vil det bli etablert film-

verkstad på fritidsklubbane i alle deltagande kommunar, kor ungdom har tilgang til filmkamera, redigeringsmuligheter og enkle studio-muligheter.

I prosjektet er det et omfattande kurstilbod innan film både for unge og for leiarar på fritidsklubber.

Under Kulturnatt i Haugesund (en helg i oktober) gjennomføres årleg filmkonkurransen "Filmfokus". Der får dei unge vist filmane sine og deltar i konkurransen om å vinne priser for dei beste filmane.

**Prosjektet sin leiar:**  
Vidar Vorraa

**Samarbeidspartnarar:**  
Vidaregående skoler, ungdomsskolar, Ungt Entreprenørskap, fritidsklubber, Hemningstad Kulturhus og Genesis Film

**Løyvingar:**  
800.000 frå Kommunal- og Regional Departementet.

**Tidsramme:**  
2009-2010

**Kjelde:**  
Haugaland vekst AS

## Grautfest for speidarane

Elisabet Taraldlien



**Det var nesten like full gymsal på grautfesten, som det pleier å vere på ei skuleavslutning, og det seier litt!**

Det starta med flaggutrulling som Martin Trosnavåg og Marius Sunde sto for, mens alle song nasjonal-songen.

Så var det bildeframsyning frå alle speidarlaga. Fyrst ut var Svein Ove Alvestad og familie-speidargruppa. Mange flotte bilete, og kjekt å sjå alt dei hadde gjort og fått til.

Neste ut var Martin Trosnavåg, og

han fortalte om Oppdagarane. Dei har eit stilig opplegg med hinder-løyper og kodeløysing. Utfordrande og spennande for borna! Merete Alvestad fortalte vidare om Sti-finnarane som har hatt temaet Ville Vesten.

Dei hadde vore på leir på Fredtun ved Skudesnes, noko som gav meirsmak. Til slutt fortalte Marius Sunde om speidartur ned Nidelven, og DET såg kjekt ut!

Oppdagarane hadde øvd på ein song, og den framførde dei saman med "dirigent" Petra Ognøy, ho er med som leiar for Oppdagarane. Det var ein artig song, og ungane lo med når dei framførde han!

Grauten smaka godt, og det var og anledning å kjøpe lodd. Salet av lodd gjekk til inntekt til speidaren sin globalaksjon.

I år støttar han ein skule på Antananarive som gjev opplæring til dei aller fattigaste. Det kom inn 5802 kroner! Det kjem vel med!

Vel møtt i speidaren neste år!



Oppdagarane på scenen

## Informasjonstavler, avrivningskart og skilt Bokn kommune viser deg vegen!

Anne E. Askeland

I henhold til tiltaka jamfør gjeldande Strategiske nærings og utviklingsplan for Bokn kommune, arbeider arbeidsgruppa Etablere arbeidsplasser/Næring, Kjekt på Bokn i samarbeid med Haugaland Vekst, med å oppdatere og tilrettelegge for produksjon av nye informasjonstavler samt avrivningskart for kommunen.

I tillegg til å iverksetje tiltak for å etablere fleire arbeidsplasser, har også arbeidsgruppa marknadsføring og omdømme på "agendaen".

Informasjonstavler, avrivningskart, skilting; ja- det å visa folk vei, vert difor naturlege

element inn i dette arbeidet.

I den anledning ville det vera svært nyttig å få innspele frå boknarane til kva slags informasjon ein meiner bør vera med på informasjonstavlene og på avrivningskarta.

I tillegg ville ein setja stor pris på innspele og kommentarar på generelt grunnlag når det gjeld skilting i kommunen.

Har du tankar om noko du meiner vil vera av allmenn interesse å finna på eit informasjonsskilt eller avrivningskart, eller har generelle kommentarar, så send nokre ord om dette til:

kyrre.lindanger@bokn.kommune.no, eller til anne.askeland@rrs.no

**innan mandag 18.januar 2010.**

Du kan sjølvsgåt også bruka adressa post@bokn.kommune.no.

*Buch Am See –  
eller på godt norsk:*

*Bokn! Eit seglingsmerke av  
stor verdi frå gamalt av; no  
gjeld det om å også visa nye  
generasjonar rette vegen!*

# 4.000 kroner i skattelette og bankens beste rente.

**BSU er det beste sparetilbudet for deg under 34 år.**

Du får både høy rente og skattefordeler. Spar inntil **20.000** kroner per år og trekk fra **20 %** av beløpet på skatten.

Bestill BSU i dag på [www.sjef.no](http://www.sjef.no).



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank  
SR-BANK

### Bokn tannklinik

Tannklinikken blir utan tannlege på ubestemt tid.

Akutt hjelp vil bli gitt i Tysvær.

Orsaka er at me har tannlegar i permisjon i Tysvær.

Tannpleiar vil vere her innimellom.

God jul og Godt nytt år

Helsing oss på tannklinikken.

### VENNEKJØRING

Er du pensjonist/uførretrygda og treng skyss til å komma deg frå ein stad til ein annan? - t.d. til lege, ulike til-stelningar, handla på butikken m.m.

Nokre pensjonistar ønsker å vera tilgjengelege som sjåførar, og desse har ei vaktordning og ein mobiltlf. til disposisjon.

For å avtala tid, ring dette nr. -

**94 14 47 35**

Helst dagen før eller lengre tid på førehand.

Dei som brukar tenesta betaler til sjåføren -

- Kr. 3,50 pr. km + kr. 0,50,- pr. km for kvar ekstra passasjer.

- Minstepris kr. 100,-



### Takkeannonser

*Hjertelig takk for deltagelsen og blomsterhilsener ved Gerd Gundersen sin bortgang.  
Ein stor takk til Bokn sjukestove for god omsorg og pleie.  
Bjarne m/fam.*

*Hjertelig takk for all medfølelse og blomsterhilsener ved min kjære søster, Gjertrud Havikbotn, sin bortgang.  
Jardar m/fam.*

*Takk for blomster og oppmerksomhet i anledning min 60 års dag.*

*Bernhard Våge*

### Minneord

*Gerd Gundersen er død, 74 år gammal.  
Ho er fødd og oppvaksen i Våga på Austre Bokn.*

*Foreldra var Andreas og Dorthea Våge, og Gerd var nr. tre i barneflokkene.*

*Som åtteåring fekk ho Poliomyelitt og blei lam i beina.*

*Gerd blei gift med sin Paul Gundersen, og dei busette seg i Haugesund.*

*Då mannen døydde, flytta ho til syster si i Bokn.*

*Av yrke var ho husmor, og ho hadde strikking som hobby.*

*Gerd etterlet seg ei syster og ein bror.*



## HIM deler nå ut tømme-kalender for 2010

Som en følge av ny renovasjonsordning og nye renovasjonsruter får de fleste abonnenter i HIM kommunene Bokn, Etne, Haugesund, Tysvær og Vindafjord ny tømmedag fra nyttår. HIM deler derfor ut tømmekalender og informasjonsskriv i disse dager. Det er viktig at alle tar vare på disse!

I brevet som deles ut i lag med kalenderen vil hver enkelt få oppgitt sitt rutenummer. Dette finnes igjen i kalenderen, og den enkelte abonnent skal ha

Dette vil si at Bokn får renovasjon mandag 4. januar (dette gjelder henting av restavfall, matavfall, papiravfall og plastemballasje), deretter hentes rest- og matavfall mandag 18.

renovasjon på disse datoene. Det er derfor viktig at alle tar vare på informasjonen som nå deles ut!

HIM vil også lage en tømmekalender på nett, samt tilby en varslingstjeneste per SMS (2 kr/melding). Disse ordningene vil være ferdig til nyttår. Følg derfor med på [www.him.as](http://www.him.as).

I lag med brev og kalender vil det også leveres ut en sorteringsguide.

HIM har nylig hatt renovasjonstjenesten i hele HIM-området ute på anbud. Det var RenoNorden AS som fikk dette. Det er de som har utarbeidet renovasjonsrutene og som vil stå for innsamlingen fra nyttår.

januar, mens alle avfallsfraksjoner igjen hentes om 14. dager, mandag 1. februar.

Magnus T. Hauge  
Leder, Informasjon og Plan- HIM



### Kommunal informasjon

#### VIKTIG INFORMASJON TIL VÅRE KUNDER!

Bokn kommune kan nå tilby AvtaleGiro. Dersom du ønsker å inngå avtale om automatisk betaling av dine faste utgifter til kommunen kan du ta kontakt med banken din eller med økonomiavdelinga i kommunen.

Med venleg helsing  
Solrunn Alvestad  
Økonomisjef

#### AvtaleGiro

Ville det ikke vært enkelt om de faste utgiftene dine ble betalt automatisk hver måned? Nå har du muligheten ved hjelp av AvtaleGiro.

##### Dine fordeler

- Du slipper å huske på forfallsdatoer, banken tar seg av betalingen for deg.
- Du kan velge om du vil motta varsel om hvilke beløp og når de vil bli trukket.
- Selvfølgelig kan du også stoppe en betaling når du måtte ønske det.
- Betalingen merkes og du har full oversikt og kontroll via nettbank, mobilbank, kontofon og kontoutskrift.

##### Slik kommer du raskt og enkelt i gang

Hva passer deg best? Her er tre enkle måter å komme i gang på:

- I nettbanken kan du se om du har mottatt forslag til AvtaleGiro-avtaler. Meld inn de avtalene du ønsker, og så er du i gang fra neste regning av.
- Du kan også ringe eller sende e-post til banken din.
- En rekke bedrifter du betaler regninger til, vil også sende deg tilbud om AvtaleGiro i posten.

#### Strøsand til eldre

Eldre og uføre i Bokn kan få levert ei bøtte med strøsand til heimen.

Ring Servicetorget på tlf. 52 75 25 00 innan utgangen av desember i år for å få namnet ditt registrert, så bringer me ut over nyttår.

Bokn Senior/Brukarråd

#### Kjære leser!

Bygdabladet går snart inn i ein jubileumsårgang, og eg håpar at årgang 25 vil bringa deg innhaldsrike og interessante blad.

Ris & ros og tips er alltid viktig for å laga eit godt produkt, og eg set pris på konstruktive tilbakemeldingar gjennom heile året.

Det har vist seg at drifta av Bygdabladet fungerer best med ein fast journalist i tillegg til redaktøren. Det siste halve året har Elisabet Taraldlien hatt denne rolla i tillegg til monteringsarbeid av bladet, og har tatt over etter at Reidar Alvestad gav seg heilt med journalistarbeidet i desember i fjor.

Eg beklager sterkt at engasjementet hennar ikkje er ivaretatt på neste års budsjett.

Eg vil retta ein stor takk til Elisabet Taraldlien, Annette Bokneberg, Kjetil Hamre, bygdablad-nemnda og alle andre bidragsytarar i 2009!

Underteikna ynskjer deg ei roleg og god jul og eit riktig godt nytt år med Bygdabladet.

- redaktøren -

## Div. tenester på Boknatur

### BOKN LEGEKONTOR

Hver tirsdag og fredag samt torsdager i partallsuker.  
Åpningstider 08 – 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkelig hjelp: Bokn Legevakt:  
52 74 85 22 (hele døgnet).  
Dr Rønnevik er på Bokn hver dag og kan ta imot øyeblikkelig hjelp dersom behov.  
Ved livstruende tilstand: 113.

Timebestilling på internett eller SMS.  
Se [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for mer info.

Listen fylles opp, men det er fortsatt ledig kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

### HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, onsdagar og fredager kl. 8-15.30 - Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

### JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.  
52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

**Geir Austvik - fysiotapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00 ved fysioterapirommet.

#### Enkelte laurdagar etter avtale.

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling  
tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**HEIMESIDE:**  
<http://sites.google.com/site/boknfotterapi/>

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

### DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Treng du skyss, blir du henta på døra.  
Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivitør**

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatur  
kl. 9.00 – 12.00.  
Direktenr. 52 75 25 13  
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.  
Kan treffast på rádhuset i Tysvær andre vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbruksjef**

### NAV BOKN

 Kontortid kl. 9.00 – 14.30  
Telefontid kl. 8.00 –

Kundesenteret: tlf. 815 81 000

**Unn A. Mustaparta - leiar**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30– 15.00

#### Me kan t.d. hjelpe deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte – Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknasenn, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: post@bokn.kommune.no**

### BOKN TANNKLINIKK

Kvar måndag kl. 08-15, førebels fram til august.

Tannklinikken opnar igjen etter ferien 20. august

**Tlf. 52 75 25 80**

## Næringsliv

### Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### Utleige av minigraver 2500 kg

Pris pr. dag kr. 800,- + moms.  
Pris pr. veke kr. 4.000,- + moms.  
Pris pr. dag kr. 100,- + moms  
for leige av vridbar pusseskuffe.

#### Kontaktpersoner:

John Magne Lie - 909 24 964

Kjell Frode Lie - 907 83 797

### FRISØRROMMET PÅ BOKNATUN

Mine åpningstider er tirsdag t.o.m. fredag kl. 09-16 i partallsuker.

Kan være fleksibel med åpningstidene i oddetalsuker.  
Skal ha julekampanjer på mange gode produkter, fine julegavetips.

**Mvh.  
Anita**

**99 32 55 34  
52 74 85 34**

### HÅRSMIA



Vil ønske alle ein riktig god jul og eit godt nytt år.

Eg har ope kvar dag og kveld fram mot jul.

I romjula har eg ope onsdagen heile dagen og kvelden.

Tilbod - kvart 5. klipp gratis.  
Dette gjeld både barn og vaksne.

**Send sms eller ring for bestilling  
på telf. 52 74 86 47 - 46 44 29 20**

**Julehelsing frå Mona**

### Bokn bibliotek



#### Åpningstider:

Tysdag 09.00 - 13.30

Onsdag 16.00 - 19.00

Torsdag 09.00 - 13.30

Biblioteket er stengt i tida  
16.12.09 – 04.01.2010

## Div. tenester på Boknatur

## Finn (det du treng) Schjøll på Bokn

Elisabet Taraldlien



Bokn Hagelag har i samarbeid med arbeidsgruppa helse- og trivselstfremjande tiltak "Kjekt på Bokn", fått ein kjent blomsterdekoratør til å kome hit og vise sin kunst, og gi råd og rettleiing om dekorasjonar, bukettar, oppsatsar... og mykje meir.

25. november sat 125 spente menneske i gymsalen på Bokn skule. Kva forventningar dei forskjellige hadde er ikkje godt å vite, men interessa for blomster hadde nok alle felles.

Finn Schjøll er i tillegg til å vere ein sers dyktig blomsterdekoratør, ein stor entreteinar! Og i tillegg til det, eit medmenneske som byr på, og gir av seg sjølv. Tilhøyrarane fekk mange og gode historiar, både om han sjølv og om dei menneska som har fylgt karrierestigen hans opp gjennom åra. For han starta med ganske nøyaktig ingenting, og jobba seg opp til det livet han har i dag. Me fekk til og med nokre anekdotar om tante Ågot, som var så glad i portvin.

### Heldige

Me fekk og høre at me var utrøleg heldige som budde slik til, at me berre kunne gå rett ut av utgangsdøra, og hente det me trøng til kranse, oppsatsar og dekorasjonar.

- Du finner det du trenger rett utefor her, hele året, sa han, og var helst misunnelig, for slik var det ikkje heime hjå han, der alt var frose i hel på vinteren.

Det blei mange flotte dekorasjonar, som dei frammette kunne vinne seinare på kvelden. I tillegg til Finn Schjøll, var Lill Høyvik Thomsom med på scena. Ho laga nokre utrøleg flotte juledekorasjonar, og har du lyst til å sjå meir til blomsteroppsetsar frå denne dama, kan du gå i butikken i Strandgata i Haugesund - tlf: 52 71 44 03 - [www.hoyvikfagblomster.no](http://www.hoyvikfagblomster.no)

### Spørsmål og bilder

Etter at Finn Schjøll og Lill Høyvik Thomsom var ferdig på scena, fekk alle som



Fornøgde styremedl. i Bokn hagelag saman med hovudpersonane - fv. Grete Kro, Lill Høyvik Thomsom frå Høyvik Fagblomster, Berit Merethe Øvrebø, Malin Taraldlien, Finn Schjøll, Siv Overå og Silje Aksdal.

Hagelagsleiar Kerstin Larsen var ikkje til stades då bildet blei tatt.

ville - stille spørsmål til desse flinke menneska. Og sjølvsagt ta bilder. Det var påsmurde rundstykke, kaffi, og loddosal. Gevinstanne var alle dei flotte oppsatsane som dekoratørane hadde laga.



Bokn Hagelag vil takke Lill Høyvik Thomsom og Interflora Høyvik Fagblomster for all hjelp og alle blomar som blei gitt til denne kvelden. Bokn Hagelag vil og rette ei stor takk til Marius Sunde, som stilte på svært kort varsel for å ta seg av mikrofonar som var i bruk på scena.

Finn Viggo Schjøll, også kjent som Blomster-Finn, (født 17. mai 1948 i Horten) er ein norsk blomsterdekoratør og TV-personlighet. Finn Schjøll begynte i fjernsynsprogrammet Frokost-TV på NRK i 1987, men har frå 1996 hatt fast plass med sine blomsterinnslag og visdomsord i "God morgen, Norge!" på TV2. Han blei publikumsyndling i underhaldningsserien "Skal vi danse" på TV2 i 2006.

Finn Schjøll er også eigar av Finn Schjølls blomster og kranse-foretning AS i Sørkedalsveien i Oslo og har utgitt fleire bøker om blomster og livskunst. Finn Schjøll er dessutan ein etterspurd foredragshaldar både i næringslivet og offentleg sektor.

Finn Schjøll sto fram som homofil då han var rundt 30 år.

